




# **PLANPROGRAM FOR KULTURMINNEPLAN 2016-2026 (kommunedelplan)**



# INNHALDSLISTE

1. Innleiing.....	3
2. Bakgrunn for kulturminneplanen.....	4
3. Føringar, rammer, overordna planar.....	5
4. Planprosess.....	7
5. Organisering av planarbeidet.....	8
6. Medverknad .....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
7. Utgreiingar/analyse .....	10

---

---

## 1. INNLEIING

Kulturminne og kulturmiljø er i dag rekna som fellesverdiar i samfunnet. Dei er ressursar til kunnskap, oppleving og bruk, både for den einskilde og for fellesskapet.

I statleg politikk har vern av kulturminne to hovudfokus: Ein skal sikra dei ikkje-fornybare ressursane frå øydelegging, samstundes som ein skal leggja dei til rette for lokal samfunnsutvikling og verdiskaping.

Kulturminnelova definerer kulturminne som "alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø." Ein skil mellom faste kulturminne (bygningar, murar, vegar o.l.), lause kulturminne (gjenstandar) og den immaterielle kulturarven (kunnskap og ferdigheiter innan handverk, dans, musikk, tradisjonar, eller skikk og bruk.)

I kulturminneplanen Kvam herad no skal laga, legg me til grunn at kulturminne er ein ressurs her og no, og også ein ressurs me forvaltar på vegner av dei som kjem etter oss. Både det offentlege og innbyggjarane i kommunen har eit ansvar for å ta vare på kulturarven på ein god måte. Men ikkje alle spor etter fortida kan takast vare på, og det er viktig at vurderingar rundt kva som skal prioriterast vert gjort på fagleg grunnlag.

Kompetanseutvikling i lokalforvaltinga er eit av satsingsområda i det nasjonale kunnskapsløftet for kulturminnevernet, initiert av Klima- og miljødepartementet og Riksantikvaren. Det er også eit satsingsområde i Hordaland fylkeskommune – og me kan sjå at fagfeltet treng å styrkast i Kvam herad.

I brev frå Riksantikvaren, datert 14.12.12, vart fylkeskommunane inviterte til samarbeid for å styrkja kommunal kulturminneforvalting. Gjeldande nasjonale mål for kulturminneforvaltinga er: «Mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø skal forvaltast og takast vare på som brukarressursar, og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på i eit langsiktig perspektiv» ( Prop. 1 S 2009-10).

I 2013 vedtok fylkesutvalet i Hordaland mål om at alle kommunar i Hordaland bør ha kommunedelplanar for kulturminne. I økonomiplanen 2014-2017 vedtok fylkestinget ei årleg ramme på 1. mill. kr til føremålet, og det er sett av ressursar til kompetansebygging og rettleiing i kommunane.

Hordaland fylkeskommune lyste ut tilskotsmidlar til utarbeiding av kommuneplanar og registreringsarbeid i kommunane. Kvam herad søkte i 2014 og 2015, - og fekk tildelt tilskot til arbeidet med kr 100 000 begge år.

Kvam herad har i kommunalplanstrategi for gjeldande valperiode, sak 092/12, 04/09 – 12, vedteke at kulturminneplan skal vera ein prioritert kommunedelplan i Kvam herad.

Plan- og bygningslova er det viktigaste verktøyet for å kunna ta vare på mangfaldet av kulturminne, kulturmiljø og landskap. Som planmynde har kommunane ei sentral rolle i forvaltinga av kulturminna. Planleggingsprosessane i kommunen er arenaer for aktiv medverknad for lokalbefolkninga, kulturminneforvaltinga, foreiningar, historielag og andre interesserte.

## 2. BAKGRUNN FOR KULTURMINNEPLANEN

Kvam herad sine grenser per 2015 går tilbake til 1965. I kommunesamanslåinga den gongen gjekk ein over den gamle kulturgrensa mellom Strandebarm og Kvam, som strekte seg frå Vikingnes over fjorden til Kysnes i Jondal. I mellomalderen var dette grensa mellom Hardanger sysle og Hordaland, og i hundreåra etter mellom Hardanger og Søndhordlehn Fogderi. Strandebarm høyrde altså til Sunnhordland, Kvam til Hardanger. Skilnaden i kulturhistorisk bakgrunn kan ein framleis ana gjennom skilnaden på målføra i desse to delane av dagens Kvam.

Noverande kommunegrenser har stått seg i femti år. I løpet av planperioden kan grensene koma til å endrast, og også andre strukturendringar vil skje. Sentralisering og regionalisering vil påverka Kvam, det vil også nye prioriteringar i samferdsla, folketalsutvikling, klimaendringar, og mykje meir.

I skiftande tider er kulturminne og kulturmiljø noko av det som kan stå for stabilitet, og gje identitet. Dei fleste kulturminne bryr seg lite om kommunegrenser. Dei er meir knytte til garden eller grenda – til dei mindre einingane. Dei kan difor opplevast å ha sin vesentlege verdi i lokalmiljøet. Men det kan i tillegg vera både rett og nyttig å sjå kulturminna i ein større samanheng. Eit kulturminne kan utviklast og få ein auka bruks- og opplevingsverdi.

Kvam er ein kommune som er rik på kulturminne. Å forvalta desse på ein god måte er eit felles ansvar. Det offentlege skal handheva lovverk, og syta for retningslinjer og planar og oppfølging av desse. Dette må skje i samspel med privatsamfunnet, både grunneigarar og andre. Ikkje minst har frivillige organisasjonar ei viktig rolle.

### 3. FØRINGAR, RAMMER, OVERORDNA PLANAR

Den regionale kulturplanen Premiss: Kultur vart vedteken av Hordaland fylkeskommune 11.12.2014. Planen skal ut frå Plan- og bygningslova leggjast til grunn både for verksemda til regionale organ, og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i Hordaland. Premiss: Kultur har ei grundig handsaming av kulturminnefeltet. Dette er difor eit relevant dokument i høve arbeidet med Kvam herad sin kulturminneplan.

Premiss: Kultur er tydeleg på at den kommunale kulturminneforvaltninga skal styrkast:

*Ei berekraftig kulturminneforvaltning føreset at kommunane handterer dette feltet. Mellom mange lovpålagte oppgåver i kommunane, vert kulturminne ofte sett på som eit perifert saksområde. I tråd med nasjonale målsettingar er det likevel viktig at ein i større grad gjer kulturminne til ressursar for lokal verdiskaping og samfunnsutvikling i heile Hordaland. Her er det behov for å støtte opp om lokal forvaltning, utvikling av kompetanse og styrking av den lokale eigarskapen. Formidling og tilrettelegging av kulturminne er ein del av denne oppgåva.*

Planen set mellom anna opp desse måla, som skal vera gjeldande for heile Hordaland:

- Kulturminne og kulturlandskap som ressurs til kunnskap, opplevingar og bruk skal løftast fram.
- Styrke dokumentasjon for auka kunnskap om kulturminne og samanhengane dei er del av.
- Det lokale kulturminnevern- og museumsarbeidet skal styrkast.
- Kulturminnevernet skal spegle nasjonal kulturminnepolitikk og finne gode, tilpassa løysingar på regionale og lokale utfordringar.

Attåt mål og retningslinjer frå regionalt nivå, skal Kvam sin kulturminneplan innretta seg etter nasjonale mål for kulturminne og kulturmiljø:

- Det årlege tapet av verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal ikkje overstiga 0,5 prosent innan år 2020.
- For automatisk freda arkeologiske kulturminne skal det årlege tapet ikkje overstiga 0,5 prosent innan 2020.
- Eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vera vedtaksfreda innan 2020.
- Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020. Eit representativt utval automatisk freda arkeologiske kulturminne skal vera sikra innan 2020.
- Planlegging i kommunar, fylke og regionar skal medverka til å hindra uønskt nedbygging av matjord og ivareta viktige kulturminne.

Den offentlege rolledelinga på kulturminnefeltet kan kort summerast opp slik:

Klima- og miljøverndepartementet er formelt ansvarleg for det nasjonale kulturminnevernet.

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og ansvarleg for gjennomføring av statleg kulturminnepolitikk. Riksantikvaren kan gjera vedtak om freding

Hordaland Fylkeskommune forvaltar kulturminnevernet på regionalt nivå i Hordaland. Etter omorganiseringa av kulturminnevernet i 1990 vart ansvaret for automatisk freda kulturminne i plansaker overført til fylkeskommunane. I Hordaland fylkeskommune er det Fylkeskonservatoren som utfører det kulturminnefaglege arbeidet.

Bergen Museum har ansvar for fornminne og før-reformatoriske gjenstandar.

Bergen Sjøfartsmuseum har ansvar for kulturminne under vatn.

I Kvam har Hardanger og Voss museum eit kulturminnefagleg ansvar som regionmuseum. Dette omfattar ansvar for rådgjeving innan bygningsvern og museumsspørsmål.

Kvam herad har ansvar for reguleringsplanar, arealplanlegging og at kulturarv får merksemd i kommunale planprosessar og byggesaker. Kommunen kan gjera vedtak om vern gjennom reguleringsplanar. Kommunen har også ansvar som eigar av samlingar og anlegg. Kulturminneplanen skal verta innarbeidd i kommuneplanen sin arealdel med generelle føresegner jf. pbl §11-9, arealføremål jf. pbl §11-7, omsynssoner med retningsliner og føresegn jf. pbl §11-8.

---

---

---

## 4. PLANPROSESS

---

### Oppstart:

Utsending av høringsutkast til planprogram markerer oppstart av arbeidet med kulturminneplan for Kvam herad. Kvam heradsstyre gjer vedtak om endeleg planprogram når høringsfristen (6 veker) er ute og høringsinnspel er handsama.

### Utarbeiding:

Arbeidet vert sett i gang straks endeleg planprogram er vedteke. Dette kjem opp som sak i Kvam heradsstyre 16. juni 2015.

Arbeidet vil innehalda kartlegging av kulturminne i kommunen, analysar/utgreiingar og utforming av framlegg til plandokument med handlingsprogram. Det vert lagt vekt på brei medverknad i planprosessen.

### Høyring:

Høringsutkast til kulturminneplan med handlingsprogram vert lagt fram for Kvam formannskap vinteren 2016. Vedteke høringsutkast vert sendt på høyring. Kvam heradsstyre gjer vedtak om endeleg kulturminneplan med handlingsprogram når høringsfristen (6 veker) er ute og høringsinnspel er handsama, innan juni 2016.

---

---

## 5. ORGANISERING AV PLANARBEIDET

Styringsgruppe:	Kommuneplannemnd (Kvam formannskap)
Prosjektansvarleg:	Rådmann Arild McClellan Steine
Prosjektleiar:	Leiar for kultur Knut Markhus
Prosjektgruppe:	Leiar for kultur Knut Markhus Kulturkonsulent Mary Ann Sørheim Rådgjevar areal/plan Leiv Ingmar Kaale Representant frå Hardanger og Voss museum Representant frå Kvam soge- og kulturminnelag

Saksordførar valt frå Kvam heradsstyre følgjer arbeidet til prosjektgruppa.

I tillegg vil Jon Nedkvitne, leiar for Samfunn og utvikling, verta teken med etter behov, og det vil vera ope for å dra inn andre ressurspersonar undervegs.

Prosjektgruppa skal møtast om lag ein gong i månaden.



---

## 6. MEDVERKNAD

Planen følger ordinær prosess for kommunedelplanar etter Plan- og bygningslova. Dette inneber at dei som ønskjer det kan koma med innspel både til innhald og prosess (planprogrammet). Vidare vert det høve til å kommentera og koma med framlegg til endringar når det føreligg høyringsutkast til kulturminneplan med handlingsprogram.

Hardanger og Voss museum og Kvam soge- og kulturminnelag kjem tett inn i planarbeidet som del av prosjektgruppa. Utover dette vert det lagt opp til møteplassar med frivillig sektor undervegs i planprosessen. Det er aktuelt å nytta seg av frivillige frå lag- og organisasjonar i arbeidet med å registrera kulturminne i kommunen, og det kan også leggjast til rette for at skuleklassar kan engasjera seg i dette arbeidet.

## 7. UTGREIINGAR/ANALYSE

I kulturminneplanen skal me greia ut:

- Kva kulturminne som skal dokumenterast/registrerast
- Kva kulturminne som skal takast vare på
- Kva tiltak som må setjast i verk for at me skal kunna ta vare på kulturminna (handlingsprogram)

I dette arbeidet kan det vera aktuelt å dra inn ekstern kompetanse.

Prioritering av kva kulturminne som skal dokumenterast og kva kulturminne som skal takast vare på, er eit avgjerande punkt. Her er det viktig at kommunen søkjer å identifisera kategoriar av kulturminne som viser Kvam sine særdrag. Til dømes har Kvam bergkunst med stor kulturhistorisk verdi. Spor etter historisk ferdsle i ulike tider må reknast som viktige kulturminne, alt frå bronse- og jernalderen sine stiar og vegar mellom Kvam og Voss, til dampskipskaiane og vegminna frå nyare tid. Kvam har ein rik gardstradisjon, og her vil fokus på mellomalderen sine kyrkjestader og nausttuffer kunna gje viktig tilfang til nytte for lokale og tilreisande. Kulturminneplanen må også ha søkelys på dei historiske husa i landskapet, frå troskytjene til industristadbygg. Maritime kulturminne er ein viktig kategori, og også dei immaterielle kulturminna innan alt frå handverkstradisjonar til song og musikk.

Både hus og kulturmiljø frå nyare tid og automatisk freda kulturminne er kjelder til kunnskap, oppleving og verdiskaping. Dokumentasjon og kartlegging gjev eit viktig grunnlag for å setja viktige kulturminne inn i ei lokal satsing på formidling, bruk og tilrettelegging. Ei satsing på kulturminne som ressurs i den lokale samfunnsutviklinga skal vera eit viktig føremål i planen.

Alle førhistoriske kulturminne har eit lovheimla verd. Men ikkje alle er eigna til formidling og verdiskaping. Kulturminneplanen til Kvam herad skal vera eit tydeleg verktøy for offentlege prioriteringar i høve tilgjengelege tilskotsordningar.

For å vega ulike utfordringar mot kvarandre, er det sentralt at planen formulerer eit realistisk og gjennomtenkt handlingsprogram som kan styrkja kulturminnearbeidet i planperioden.

### Relevante dokument i planarbeidet:

Askeladden, Riksantikvaren sin database over freda kulturminne og kulturmiljø i Noreg.

Hordaland fylkeskommune. *Premiss: Kultur. Regional kulturplan 2015-2025*. Bergen: Hordaland fylkeskommune, 2014.

Hordaland fylkeskommune. *Fylkesdelplan for kulturminne 1999-2010*. Bergen: Hordaland fylkeskommune, 1999.

Hordaland fylkeskommune. *Musea i samfunnet. Regional plan for museum 2011-2015*. Bergen: Hordaland fylkeskommune, 2011.

Hordaland fylkeskommune, Fylkeskonservatoren. Ulike artiklar som er lagt ut på Fylkeskonservatoren sine

heimesider:<http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Kultur/Kulturminnevern-og-museum/Kulturminnevern-og-museum/>

Kulturlova. *Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd av 29. juni 2007 nr 89.*

Miljøverndepartementet. «Framtid med fotfeste : Kulturminnepolitikken». St.meld. nr 35 (2012-2013). Oslo: Miljøverndepartementet, 2013.

Miljøverndepartementet. «Leve med kulturminner.» St.meld. nr 16 (2004-2005). Oslo: Miljøverndepartementet, 2005.

Plan og bygningslova. *Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27. juni 2008 nr. 71.*

NOU 2013: 4. *Kulturutredningen 2014.* Oslo: Kulturdepartementet.

Unesco. *Konvensjon om vern av verdens kultur- og naturarv.* 1972. 16.05.2014. <http://unesco.no/wp-content/uploads/2012/12/UNESCOs-konvensjon-av-1972-om-vern-av-verdens-kultur-og-naturarv1.pdf>

Utanriksdepartementet. «Om samtykke til ratifikasjon av UNESCOs konvensjon av 17. oktober 2003 om vern av den immaterielle kulturarven». St.prp. nr 75 (2005-2006). Oslo: Utanriksdepartementet, 2006.

Utanriksdepartementet. «Om samtykke til ratifikasjon av UNESCOs konvensjon av 20. oktober 2005 om å verne og fremme et mangfold av kulturuttrykk.» St.prp. nr 76 (2005-2006). Oslo: Utanriksdepartementet, 2006.